



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
15.08.2016
Dykkar dato
29.07.2016

Vår referanse
2016/6222 421.3
Dykkar referanse
16/873

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Radøy - gnr 14 bnr 75/105 - Soltveit - klage på dispensasjon til bølgjebrytar

Vi viser til oversending frå kommunen mottatt her 29.07.16, med frist til 19.08.16 for å klaga.

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av bølgjebrytar. I arealdelen av kommuneplanen ligg tiltaket i arealformål bruk og vern av sjø og strandsone i sjø og landbruk-, natur- og friluftsliv (LNF) på land. Den ligg også innafor byggeforbodet i strandsona jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 1-8.

Fylkesmannen i Hordaland klagar med dette på at Radøy kommune i sitt vedtak av 22.06.16, saknr. 051/2016 har gitt dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 for oppføring av bølgjebrytar.

Fylkesmannen sine merknader

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. tbl. § 19-2 andre ledd.

Fylkesmannen rådde ifrå dispensasjon til bølgjebrytar i brev av 27.05.2016. Det går fram avtbl. § 19-2 fjerde ledd at kommunen ikkje bør dispensere der statlege og regionale styresmakter har uttalt seg negativt til søknaden. Fylkesmannen viser til uttalen som grunnlag for klaga si:

Fylkesmannen legg vekt på at omsøkte tiltak ligg i strandsona. Det er eit overordna arealpolitisk mål at strandsona skal takast vare på som eit natur- og friluftsområde tilgjengeleg for alle, jamfør St. meld. nr. 26 (2006-2007) Regeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand, og statlege planretningslinjer for differensiert strandsoneforvaltning ved sjø. Kyst- og strandsone strekningane er av nasjonal interesse fordi dei er attraktive for allmenn fredsel og friluftsliv for ålmenta. Det knyter seg ofte viktige naturverdiar, landskapsomsyn og kulturminneinteresser til desse områda.

Bølgjebrytaren skal plasserast nesten ytst på eit nes som vil vere svært synleg frå sjøen. Det er Fylkesmannen si vurdering at bølgjebrytaren vil påverke landskapet på ein negativ måte. Det vil og vere fare for presedens ved liknande saker i nærlieken og i kommunen elles.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det finst fordelar for samfunnet med omsøkt tiltak. Vi viser til «spørsmål og svar til plan og bygningsloven (plandelen)» i regi av Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/tema/plan--ogbygningsloven/plan/planveiledere/sporsmal-og-svar-til-ny-plan--og-bygning/kapittel-19-dispensasjon-.html?id=597615>). I høve til verdsetjing av fordelar og ulemper i dispensasjonssøknadar står det at:

Man må trekke inn en bredere vurdering av fordelene enn bare fordelene for den enkelte søker. Dette vil avhenge noe av hva det søkes om dispensasjon fra. Ved en søknad om dispensasjon fra byggeforbudet i 100 metersbeltet vil sjeldent fordelene for den enkelte alene oppveie ulempene for de offentlige interessene bak byggeforbudet.

I dette tilfellet vil det å opne for bygging av bølgebrytar setje strandsoneinteresser til side utan ei klar overvekt av fordelar sett i eit samfunnsperspektiv.

Vi viser også til at kommunen tidlegare har avslått dispensasjon til same tiltak. Dette vedtaket blei stadfesta av Fylkesmannen og har også vore innom både Sivilombudsmannen og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Saka syntes slik sett å ha vore grundig vurdert tidlegare.

Fylkesmannen si vurdering er at vilkåra for å gje dispensasjon ikkje er innfridd, og Fylkesmannen rår i frå ein dispensasjon i saka.

Fylkesmannen vil i tillegg vise til notat frå Radøy kommune som viser at kai på vestsida truleg er ulovleg oppført i 2009. I tilfelle der det er utført ulovlege tiltak skal ein ved vurdering av spørsmålet om dispensasjonen sjå bort frå at tiltaket allereie er utført. Utan kai ville det ikkje vore behov for bølgjebrytar. Ein bølgjebrytar inneber vidare eit stort inngrep i landskapet.

Fylkesmannen vil også gjere kommunen merksam på at tiltaket er tenkt plassert i eit LNF-område på land og det er ikkje gitt dispensasjon frå dette føremålet. Bølgjebrytaren kan derfor uansett ikkje anleggjast før dispensasjon frå dette føremålet er søkt om, vurdert og gitt jf. pbl § 19-1 og § 19-2.

Fylkesmannen si vurdering er etter dette at omsyna bak pbl § 1-8 vert vesentleg tilsidesettet dersom det vert gitt dispensasjon til bølgjebrytar, jf. pbl. § 19-2 andre ledd første setning.

I tillegg kan Fylkesmannen ikkje sjå at det ligg føre ei overvekt av grunnar for ein dispensasjon i denne saka, jf. pbl. § 19-2 andre ledd andre setning. Lova sine vilkår for dispensasjon er ikkje oppfylte. Fylkesmannen finn difor å måtte klaga på Radøy kommune sitt vedtak av 22.06.2016, saknr. 051/2016.

Fylkesmannen ber om at vedtaket vert gjort om slik at det ikkje vert gitt dispensasjon til bølgjebrytar som omsøkt.

Dersom klaga ikkje vert tatt til følgje, skal saka sendast Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil deretter senda saka til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjefylkesmann.

Med helsing

Anne Kjersti Sande
seksjonsleiar

Laila Pedersen Kaland
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.